



DEN NORSKE KYRKJA

Kvam kyrkjelege fellesråd

Saksliste

Kvam kyrkjelege fellesråd

Møtedato: 18.01.2023 kl. 16:30

Møtestad: Norheimsund kyrkje

Meld forfall snarast på tlf +47 41400035 eller e-post se934@kyrkja.no. Representantar som ikkje kan møte, vidaresemdar innkallinga til sin vararepresentant.

SAKSLISTE		
Godkjenning av innkalling og saksliste		
Godkjenning av protokoll		
Saker		
01/23		Presentasjon av Aider
02/23		Kyrkjetak, rapportar frå Akasia
03/23		Straumstøtte, statleg og kommunal
04/23		Årsplanar
05/23		Rekneskap og budsjett
06/23		Unnateke offentlegheit: Fellesrådet som arbeidsgjevar
Eventuelt		

Norheimsund, 11.01.2023

Lisbeth Henriksen,
Leiar

Sigrud K. Eriksen-Tufteland,
Møtesekretær

SAK 01/23 PRESENTASJON AV AIDER

Saksframstilling:

Kvam kyrkjelege fellesråd byttar rekneskapsbyrå i 2023, og går frå eit langvarig og godt samarbeid med Vekstra sin avdeling i Øystese, til «kyrkja sitt» rekneskapsbyrå Aider. Stat og kyrkje har skilt lag, og det har blitt mange endringar og på rekneskapssida for dei kyrkjelege fellesråda. Aider har vunnet eit anbod med rDnk, og er av dei selskapa som kan kyrkjerekneskap best i Noreg i dag.

Aider starta som rekneskapsavdelingen til Bergen kirkelige fellesråd.

Aider kjem og presenterar seg.

Forslag til vedtak:

«Fellesrådet tek informasjon om Aider til vitande»

SAK 02/23 KYRKJETAK, RAPPORTAR FRÅ AKASIA

Saksframstilling:

Kort oppsummering og mellombels kalkyle på økonomiske rammer som bør tilrettelegges til takkonstruksjoner fremover på kirkebyggene i Kvam. Dette er skrevet som ei kort og mellombels oppsummering. Les dei endelege rapportane for meir detaljar.

1. Strandebarm kyrkje.

Takkonstruksjoner har solide bærekonstruksjoner. Taktekking med skifer fra opprinnelse har utfordringer med innfestninger. Ved vindlast jekkes skiferen utav posisjon som forårsaker både direkte fuktrenninger på sutaksbordene som får fuktskader. Skiferen knekker rundt innfestning og dermed HMS-farlige situasjoner fra tårnfoten, langsiden på skipet, og koret.

Skipet, kor, og sakristiene i sør og nord bør restaureres i sin helhet. Ved å avvente rehabilitering vil omkostninger bli med høyere. Skifertekking fra opprinnelse er delvis omlagt på skipet rundt 1920-årene. Denne har oppnådd sin restlevetid etter 146 år. Deler av takkonstruksjon har innfestning av opprinnelig klypt spiker som har korrosjonsskader fra nedbør med havsalter. **TG3.** Tårnhjelmen har opprinnelige kobberplater fra opprinnelse som er slitte ved overganger og skjøter Bratt helning på øvre del, har sørger for god avrenning, men vi ser at plateskjøter er slitte. Nedre del har tidligere hatt direkte fuktinntrenging, som kun er midlertidige limt og lappet på i nyere tid som ikke vil holde tett over lengre periode. **TG2. 5-10. år.**

Kostbadsestimer til sammen kr 3.300.000 bør tilrettelegges til skiferlegging (TG3) + kr 1. 900.000 til rehabilitering til kobberhjelmen innen 5-10. år. Økonomiske rammer 5. 2 millioner eks mva.

2. Vikøy kyrkje

Bærende takkonstruksjon har generelt solide konstruksjoner. Tårnhjelmen er omlagt i nyere tid og har god tilstand både på bærekonstruksjoner, undertak og tekking. Taktekking på langkirken er rehabilitert rundt 1890-årene. Opprinnelig fremsto kirken pannetak ifølge fotografi fra 1869. Ved rehabilitering rundt 1890-årene er det benyttet Hardangerskifer med innfestning via bæreleker og klypt spiker som har omfattende korrosjonsskader som knekker ved vindlast med undertrykk som forårsaker bruddskade og sporadisk nedfall og dermed fare for underliggende omgivelser.(KG3) Taktekking bør prioriteres rehabiliteres i sin helhet. **TG3.** Økonomiske rammer kr 2.500.000 eks mva.

3. Øystese kyrkje

Takkonstruksjon på skipet og koret har minimalt med fuktskader. Taksperrer slanke takkonstruksjoner antas vi er beregnet til lettere skifer (lappskifer og ikke Hardangerskifer med vesentlig vekt) Undertaket av sutaksbord har god kvalitet men eksponert for en del fuktpåkjenninger. Skifertekking antas er fra opprinnelse med innfestning av klypt stålspiker som har korrosjonsskader og dermed oppnådd forventet restlevetid. Tilstand er dårligst på sakristiene, og ved tårnets nedre deler som har fuktinntrenging når skiferen mister vedheft eller kommer utav posisjon. **TG3.** Økonomiske rammer kr 2.800.000, eks mva.

4. Ålvik kyrkje.

Bærekonstruksjon er solide. Tårnhjelmen åpne klokke rom har direkte fuktinntrenging på grunn manglende tekking både på gulv og innvendige veggflater som forårsaker

vesentlige fuktinntrenging. Klokkeom bør heltekkes både på veggflater over murknone samt tekkes over gulvareal til sluk med avløp som fører bort fuktinntak. Langkirken møneskifer har innfestning med blank stålspiker som rustet og blir jekket løs på klimautsatte steder som mønekan og tårnrytteren. Dette bør gjennomgås som strakstiltak for å unngå fuktrenninger på tjæreapp som er porøs ved overganger. Skifer på mønekan bør ha ny innfestning med rustfri innfestning. Tilsvarende utfordring har ytre omramming på tårnhjelmen som har en del nedfall enkelte steder og forårsaker mindre fuktinntrenginger i tårnhjelmen. Takrenner har omfattende dryppskader og mangler kapasitet for å oppta renninger fra vedvarende nedbørperioder som fornyes i sin helhet. Lynavleder er montert via gavlveggen til innvendig kaltloft i kontordel. Denne må monteres utvendig på fasade for å unngå fatale konsekvenser ved et eventuelt lynnedslag. Kostnadsestimat for tiltakene over har **TG3**, er til sammen kr 1.150.000 eks mva. For å unngå store omkostninger fremover forutsetter vi at det tilrettelegges rutinemessig ettermontering og kontrollrutiner som bør avsettes til ettermontering av løs skifer inkludert rigg for unngå helrenovering de første 10.årene Økonomiske rammer til sammen kr 1.400.000 eks mva.

Takkonstruksjoner bør prioriteres fremover for å unngå fuktinntrenging med følgeskader på underliggende konstruksjoner. Økonomiske rammer som bør tilrettelegges er tilsammen kr 12.millioner eks mva. (15 millioner inkludert mva). Tallmateriale er ikke endelige, for endelige tall, se rapportane.

Kyrkjevevja har bedt kommunen om eit møte om kyrkjene og taka på kyrkjene. Det må leggast planar saman med kommunen, om korleis ein løyser utfordringa med dei dårlege kyrkjetaka. Samtidig er det og andre utfordringar med kyrkjebygga, som at dei elektriske anlegga er gamle og treng fornying. Alle desse utfordringane må fellesrådet jobbe saman med kommunen om å løyse, men det kan og hende at sokna må gjere noko for å reise midlar til vøling av kyrkjebygg.

Forslag til vedtak:

«Fellesrådet tek informasjon om tilstanden til kyrkjetaka til vitande.»

SAK 03/23 STRAUMSTØTTE, STATLEG OG KOMMUNAL

Saksframstilling:

Dyr straum kom på fellesrådet sitt sakskart for om lag eit år sidan, og etter det har det følgt oss gjennom dette året. Hausten 22 kom regjeringa med straumstøtte til kyrkjene for desember 2022, for at me skulle kunne møte varme og lyse kyrkjer fram mot jul. Kvam kyrkjelege fellesråd søkte, og fekk midlar på opp til 180.000 for straumstøtte for desember 2022. Fellesrådet må vise at me har straumutgifter for desember 22, for å få desse midlane.

Før sommaren 2022 søkte fellesrådet kommunen om straumstøtte, då kyrkjelege fellesråd var nokre av dei som ikkje får alminneleg straumstøtte frå regjeringa. Fellesrådet fekk ikkje straumstøtte då.

No åpner heradet for søknadar om straumstøtte, og fellesrådet ser på moglegheit for å søkja heradet igjen.

Fellesrådet har i dag straumavtale gjennom Knif, og det skal vere ein av dei betre straumavtalane. Fellesrådet skal sjekke om det finnes andre leverandørar som kan konkurrera med Knif på pris og eventuelle andre vilkår. Kvam kraftverk er ein leverandør me vurderar å sjekke ut nærare.

Forslag til vedtak:

«Fellesrådet tek informasjon om straumstøtte til vitande»

SAK 04/23 ÅRSPLANAR

Saksframstilling:

Å ha planar å styre etter, gjere oppgåvene enklare for sokneråd, fellesråd og dei som jobbar i kyrkja. Den norske kyrkja det no i gang eit arbeid for å auke fokus på gode planar og målstyring. Fellesrådet har byrja arbeidet med ein årsplan, og på kyrjekontoret er me i gang med målarbeid.

Fellesrådet skal ut over våren 2023 jobbe med årsplanar, for at arbeidet til fellesrådet skal bli meir målretta. Å starte opp eit målarbeid no før val av nye sokneråd og fellesråd vil vere til hjelp for dei nye råda, og som ledd i arbeidet med årsplanar og førebuing av nye råd, skal fellesrådet skrive noko om sine erfaringar frå desse fire åra.

Forslag til vedtak:

«Fellesrådet tek informasjon om arbeidet med årsplanar til vitande»

SAK 05/23 REKNESKAP OG BUDSJETT

Saksframstilling:

Årsrekneskapen for 2022 er ikkje ferdig før i slutten av februar. Her kjem nokre tal frå hausten 2022. Eit siste budsjett for 2022, med investeringsbudsjett kjem og her, saman med eit nytt budsjett for 2023.

Budsjett og rekneskap vert ettersendt.

Forslag til vedtak:

«Fellesrådet tek informasjon om rekneskap til vitande, og vedtek budsjett for 2022 og 2023»

**SAK 06/23 UNNATEKE OFFENTLEGHEIT.
FELLESRÅDET SOM ARBEIDSGJEVAR**

Saksframstilling:

Forslag til vedtak: